

forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, fylkets tre turistforeingar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

## Møtereferat – AU i FNF – 22. april 2013 (kl 1230 - 1530)

**Møtestad: Idrettens hus, Molde**

**Til stades; Ola Fremo, Øystein Folden, Åsa Fredly, Atle Frantzen (delar) og Ingbjørn Bredeli. Håvard Parr Dimmen meldte forfall.**

### **Sak 1. Friluftslivets veke 2013 – kva får me til saman ?**


Friluftslivets veke er 2013 (laurdag 31. august - søndag 8. september). Søknadsfrist til FRIFO er 25.04.2013. **Kom deg ut dagen** er 1. september 2013. Stikk-ut kan premiere ekstra i denne veke.

Me spør om SPOR kan ha ei side om friluftslivets veke.

**Sak 2. Vasskraftutbygging** – 14 stk nye kraftverk i Volda/Ørsta med høyringsfrist 10 mai og 5 nye kraftverk i Vanylven med høyringsfrist 24 mai (sjå; <http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Vannkraft/Smaakraft/Smakraftpakker/>).

FNF-koordinatoren, NJFF og Ørsta/Volda-laget av NVV var på synfaring 19.04.2013. Vurderingsvariable; bortfall av vatn, estetisk inntrykk, lyden av vassdraget, tap av biologisk mangfald, tap av fiskestrekning etc. Høyringsprosessen skjer i ei periode at fossane er frosne. Søknadene kjem i ei pakke slik at det er mange vassdragsutbyggingar å ta stilling til i løpet av kort tid.

FNF prøver å skrive eit felles innspel til uttale til denne pakka som blir høyrert med NJFF, ÅST, FÅS (og andre ?).



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

**Sak 3. Skjøtsel i verneområder** – skal me gjere som Nesset kommune (sjå vedlagte brev) og melde oss til teneste til FM og eller skrive brev til MD/DN om skjøtsel i verneområda ?

FNF vil prioritere skjøtseltiltak knytt til kompetanseoppbygging med stor overføringsverdi til andre område. Det gjeld då den type skjøtsel som ein har spesiell kompetanse på (til dømes slåttemark/lyngbrenning).

Ein manglar ein prosess etter at områda er verna. Det er ofte laga ein skjøtselplan i verna område, men desse er lite konkretisert i form av kven gjer kva når og kva tiltaket kostar i rede pengar.

Me lagar eit brev til Fylkesmannen knytt til oppfølging av skjøtsel i verneområda, dette for å få ein lokal tilhøyrighet og stoltheit til dei verna områda lokalt.


**Sak 4. Aktivitetstilbod i skuleferiane** – kva bidreg dei ulike organisasjonane med og kva ønskjer dei å gjere på dette feltet ?

Vanleg skulerute tilsei 190 dagar på skule og 175 dagar fritid i året. I praksis vil det vere 12 veker i året at ungane har fri medan me vaksne er i arbeide. Mykje av denne tida er sommarstid knytt til sommarferien.

Det er ulike typer skulefri-tilbod i fylket. Turistforeiningane har basecamp (Newton-leir saman med TEKNA), speidarane har leirar, fleiridrettslag har friluftsskule, friluftsråda har friluftscampar. Ulike andre aktørar utanom FNF-org. driv med friluftslivsaktivitetar; Røde Krossen har ferietilbod for dei som ikkje har råd til å dra på ferie, Redningsselskapet har sjøsikkerheitskurs.

Er det mogleg å samarbeide om ulike ferie-tilbod ? Fjellfestivalen i Rauma, Vandrefestivalen på Nordmøre og Naturfestivalen i Ørsta/Volda har potensiale til større bidrag til friluftslivsleir. Me ser på dette framover.

**Sak 5. Informasjonsmøte om spelemidler til friluftslivsanlegg til hausten**



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Me søkte om kr 270 000 hos Fylkeskommunen for 2013 for å arrangere 4 informasjonsmøter hausten 2013. Tilsagnet er på kr 27 000 (1/10) og me vil difor redusere til eit/to møte (1/4) og til ein idealsøknad(1/5).

FNF lagar eit svarbrev til fylkeskommunen om denne informasjonsrunda.

## Sak 6. Eventuelt

Årets tildeling av midlar til FNF - Møre og Romsdal er på kr 500 507.

Uteskulen der NJFF har fått middel frå Fylkeskommunen (budsjettert med kr 400 000) er i år teke vekk frå budsjettet. Prosjektet har vart sidan 2002. Dette for å finansiere fylkeskommunen sitt bidrag (kr 500 000) inn i skiltprosjektet med Gjensidige-stiftinga. Er dette politisk debattert ?

Rådgjevande utval Dovrefjell. Nytt møte der dagsorden er sett av verneområdestyret. Denne gangen er det sett av litt tid til spørsmål(/diskusjon?) etter innlegg bestemt av verneområdestyret, så det er jo litt framsteg frå sist). Det bør vere ope for at medlemma i rådgjevande utval vil fortelje noko til verneområdestyret, og då bør ein få spørsmål om det er noko som ligg på hjartet før dagsorden er sett. Vi kunne mellom anna ha trengt ein verkstad der ein kunne sett litt på ordninga av motorferdsel slik at ein veit at det finst område heilt fri for motorferdsel (og villrein) i periodar, eit grunnlag for styrt kvalitetsturisme. FNF skriv eit brev til myndigheitene i dei to verneområdestyra i fylket og ber om at dagsorden på møta i rådgjevande utval blir mogleg for medlemmene i utvalet å påverke.

Møte i AU framover: alle 12 organisasjonar blir invitert til AU-møta med ordlyden «dei organisasjonane som har interesse i nokon av sakene kan stille på AU-møta og AU innvilger talerett»

24.04.2013

FNF Møre og Romsdal  
Ingbjørn Bredeli